

## Styrerapport Grønn-Hagen Bjørke Malawi Foundation 2022

Stiftinga vart etablert i 2009 og har som hovudføremål å bidra til utvikling for dei fattige i Malawi. Hovudaktiviteten er å byggje klasserom og andre bygningar til eksisterande skular, og bygg i tilknytning til dette. 2022 blei eit svært aktivt år for stiftinga. Til saman vart 14 bygg overleverte til eigarane, av dette var 11 nybygg og 3 rehabiliterte:

- HB-Kazando HB Lærarbustad nybygg
- HC-Kazando HB Lærarbustad nybygg
- Tukombo H Internat for 48 jenter – vidaregåande skole
- Tukombo K Kjøkken til internatet
- Tukombo LL Laboratorium og bibliotek
- Chiwana B 2 klasserom rehabilitert
- Chilala FP 2 klasserom nybygg
- Kapanda CDSS Lærarbustad nybygg
- Chakoma D 2 klasserom nybygg
- Maula CDSS Administrasjonsbygg
- Sanga CDSS Lærarbustad nybygg
- Lagerbygg Nybygg
- Luwambaza 2 klasserom rehabilitert
- Bandawe TDC Administrasjonsbygg

Stiftinga har støtta 64 handgravne brønner, desse gir reint vatn til ca. 15 000 menneske. I tillegg har vi ved hjelp av boreriggen bora 18 brønner. På grunn av den auka aktiviteten og stor priauke på transport så har vi kjøpt inn ein lastebil. Dette gir sikrere transport til byggeplassane, og til rett tid. Dagleg leiar frå Norge besøkte prosjekta i mai og i oktober-november.

Rekneskapen viser ei omsetjing på 3 752 000 kroner og eit overskot på 524 500 kroner. Hovudinntektene kom frå ulike gåver, mellom anna 200 000 kroner frå Lions.

Eigenkapitalen er på 1 926 637 kroner, i dette ligg også grunnkapitalen på 100 000 kroner. Føreresnader for vidare drift er såleis til stades. Alle innsamla midlar/gåver til stiftinga blir fullt ut brukte til prosjekt i Malawi. Gåvene kjem frå givarar som har høyrte om arbeidet vårt gjennom media, kjende og ulikt informasjonsarbeid.

I alt 223 964 kroner er utgiftsført til lokalt tilsette i Malawi, her også irekna innbetalt skattetrekk og pensjon. Lønsutgiftene er i hovudsak til ein prosjektleiar i full stilling, og ein deltidssjåfør. Stiftinga har ingen tilsette i Noreg.

Stiftinga er registrert i Innsamlingsregisteret (Innsamlingskontrollen) og i Frivilligregisteret.

### Nøkkeltal

Innsamlingsprosent: 100 pst.

(Viser forholdet mellom innsamla midlar og kostnader ved innsamling)

Administrasjonsprosent: 1 pst.  
(Viser kor stor del av totalt tilgjengeleg midlar som er brukt til administrasjon)

Formålsprosent: 99 pst.  
(Viser kor mykje at totalt forbruk som faktisk er brukt på det ideelle formålet)

Oslo, 29. september 2023



Kari Bjørke  
styreleiar

Arnstein Bjørke (s)  
styremedlem

Ola Grønn-Hagen (s)  
styremedlem